

Nye Ålesund kommune – Prosjektgruppe A8 – kart oppmåling og matrikkel – Møtenotat 6.

Møtestad: Ålesund kommune, 7.etg.

Tid: 12.09.17, kl. 09:30 – 13:20.

Møteleiar: Knut Helge Skare/Per Anders Aure

Til stades: Beate Furstrand, Kjetil Grytten, Haldor Lillebø, Per Anders Aure, Knut Helge Skare,.

Forfall: Sol Slinning, Kim André Breivik, Bent Leite, Knut Berg.

Merknader til referata frå **møte 4; 22.06.2017 i Sandøy** og **møte 5; 21.08.2017 i Haram**

Tema	Omtale	Ansvar/utførande
Stadnamnkonsulent	<p>Kan bli ein lang prosess (for eksempel namnesak), tema til ROS.</p> <p>Sandøy tilhørar stadnamnkontoret i Trondheim, Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund tilhørar kontoret i Bergen. Avklare dette, bør vere same konsulent/kontor for heile den nye kommunen.</p> <p>Spørsmålet om Nye Ålesund skal høyre til Stadnamnkonsulentane i Trondheim eller Bergen bør følgjast opp. Dette hastar ikkje. Følgjast opp i 2018.</p>	Per Anders/ Knut Helge
Kriterier for endring av vegnamn	<p>Det vart gjort nokre justeringar av dei føreslegne kriteria. Dei justerte forslaga vert sendt ut.</p> <p>Saka er framlagt for fellesnemnda slik arbeidsgruppa har foreslått/utarbeidd. Oppe som sak i møte i fellesnemnda 14.09.2017</p>	
Forvaltningssystem – digitale kartdata (FKB) og sentral lagring	<p>Knut Helge informerte om innhaldet i sitt innspel om kartforvaltningssystem frå møtet den 22.06.2017.</p> <p>Kartforvaltningssystem er ein føresetnad for å kome i gong med sentral lagring og geosynkronisering av digitale kartdata hos Statens kartverk. Signala som langt er at ein må utarbeide ein kravspesifikasjon og legge denne ut på anbod.</p> <p>Rådmannen i Skodje, Bente Glomset Vikhagen, ønskjer å delta i eit møte om å avklare framgangsmåten for innkjøp av kartforvaltningssystem for Nye Ålesund kommune.</p> <p>Deltakare frå prosjektgruppa i møtet med Bente Glomset Vikhagen blir:</p> <p>Per Anders Aure, Knut Helge Skare og Knut Berg.</p> <p>Her avventer vi innspel. Arbeidsgruppa (dei utpeika representantane) må i løpet av hausten ta eit initiativ viss ein ikkje høyrer noko meir.</p>	Per Anders/Knut/ Knut Helge

<p>110-sentralen (brann og ulykke) AMK-sentralen (Akuttmedisinsk)</p>	<p>Åge Henriksen (110) og Mari Anne Gulseth (AMK) orienterte om deira erfaringar med bruk av vegadresser i samband med naudsamtalar.</p> <p>Erfaringane deira samsvarar godt med det arbeidet som prosjektgruppa ser for seg må til for å samordne eksisterande og nye vegnamn i Nye Ålesund.</p> <p><i>Matrikkelforskriften § 51. Adressenavn.</i> <i>(1) Kommunen skal tildele alle gater, vegar, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen.</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Like vegnamn (adressenamn) kan ikkje førekome. Her må ein vedta nye namn på fleire vegar. 2. Nesten like vegnamn. Det kan være eit problem om ein misoppfattar uttalen på nesten like vegnamn som ligg langt frå kvarandre. Dette går likevel som regel bra då ein supplerer vegnamn/-adresse med stadnamn, kjente bygningar og konstruksjonar i nærleiken. Slike vegnamn kan ein vurdere å endre når Nye Ålesund er etablert. <p>Foredrag vert sendt ut? Foredraga blir sent ut når vi har begge to i hende.</p>	<p>Per Anders</p>
---	---	--------------------------

Referat frå møte 6, 12.09.2017 – Ålesund

Tema	Omtale	Ansvar/utførande
Like gatenamn	<p>Gatenamn som er like eller svært like i dei tre kommunane som møtte med representantar blei gjennomgått. Vegnamn som berører Sandøy kommune og/eller Skodje kommune blei utsett til neste møte.</p> <p>Storgata Til neste møte fremlegg Haram og Ålesund følgjande for Storgata i sine respektive kommunar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Matrikkelrapport Adresse». • Antall adresser. • Antall eigedomar (inkl. seksjonar). • Antal brukseiningar. 	Kjetil/Knut Helge
Prosjektportal	Ny prosjektportal skal tas i bruk (Microsoft Sharepoint som er ein del av Office 365). Det vart opplæring Fredag 22.sept. Kjetil, Per Anders og Knut Helge deltek	Kjetil/Per Anders/Knut Helge

Saker for neste møte 02.10.2017 – Skodje

Tema	Omtale	Ansvar/utførande
Like gatenamn	Gjennomgang av like og svært like vegnamn som berører Sandøy kommune og/eller Skodje kommune. + Storgata i Haram og Ålesund.	
Prosjektportal	Prosjektstyringsverktøy: Microsoft Sharepoint.. Informasjon. Gjennomgang. Opplæring?	Per Anders